

**Protokoll**  
**Sentralstyremøte nr. 6/2016**  
***Norges Friidrettsforbund***  
**29. juli 2016 kl 09.00**  
**På Scandic Bergen City**

**Tilstades:** Tore Hordnes, Kalle Glomsaker Anne Farseth, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Ellen Strøm Juliussen, Atle Guttormsen og Stine Haugum (via Skype)

**Forfall:** Svein Arne Hansen, Monica Grefstad Frøynes

**Fra sentral-administrasjonen:** Kjetil Hildeskor

**Referent:** Narve Heggheim

**Saksliste for styremøte 6-2016:**

- Sak 47/2016 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte 04.06.16
- Sak 48/2016 Rapport frå kvar enkelt om kva som har skjedd sidan sist
- Sak 49/2016 Gjennomgang av NM 2016
- Sak 50/2016 Status økonomi 2016
- Sak 51/2016 Gullmedaljen 2016
- Sak 52/2016 Kongepokal Komité
- Sak 53/2016 Saker mot Tinget

**Sak 47/2016 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte 04.06.2016**

**Vedtak: Innkalling og protokoll frå styremøte vart godkjend med følgjande merknad:**  
**Sak 43/2016 Saker mot tinget endrast til: saker til tinget kan meldast inn til seinare styremøte for behandling.**

**Sak 48/2016 Rapport frå kvar enkelt om kva som har skjedd sidan sist**

**Informasjon om styremedlemmenes aktivitet ble tatt til orientering.**

**Sak 49/2016 Gjennomgang av NM 2016**

Leiar i hovedkomitèen for NM 2016 orienterte om arbeidet fram mot arrangementet der det er lagt ned ein stor dugnadsinnsats frå mange for å eit godt arrangement. Kommunen har vore ein god bidragsytar og det er mellom anna blitt oppgradert tribune med tak på delar av hovedtribuna til NM. Det har vore gjort eit godt markedsarbeid og ein har forventningar om at arrangementet vil gje eit overskot som kjem friidretten lokalt til gode.

**Sak 50/2016 Status økonomi 2016**

Prognose for rekneskap pr. 26. juli vart lagt fram. Prognose indikerer eit underskot på kr 2.741.223,- mot eit budsjettert underskot på kr 2.000.000,- Overforbruk på mesterskap som følgje av mange kvalifiserte, samt reduserte tildelingar på post 2 og 3 er viktigaste endringane. Dette gjev utfordringar med inndekking når dei først kjem når halve regnskapsåret er gått. Dette blir følgt opp mot NIF.

**Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning.**

**Sak 51/2016 Gullmedaljen 2016**

Det førelåg vurdering og innstillingar på kandidat til gullmedaljen for aktiv idrett som vert delt ut under NM.

**Vedtak: NFIF sin gullmedalje for aktiv idrett 2015 vert tildelt Karoline Bjerkli Grøvdal, IK Tjalve.**

**Sak 52/2016 Kongepokal Komité**

Komitè for kongepokal har bestått av president, sportssjef og leiar i statistikk og rekordutvalget. Sportssjef har forfall til NM og det må oppnevast ny representant for han. Det har blitt stilt spørsmål om utenlandske statsborgarar som er startberettiga i NM kan få kongepokal.

**Vedtak: Komité for kongepokal 2016 vert samansett av: President, generalsekretær og leiar av statistikk og rekordutvalet. Alle som er startberettiga i NM kan bli tildelt kongepokal.**

**Sak 53/2016 Saker mot Tinget**

Styret drøfta fire innkomne saker som ein vurdere fremma på forbundstinget 2017. Eventuelle lovendringer vil bli drøfta framover og i samarbeid med Lovutvalget før endeleg forslag blir utforma på styresminaret i haust.

Møtet slutt 12.25.